



**Tilboda i Bedehuset er igang att etter ferien og måndag kjem turen til Unge Røyster som har ein fast rutine: Dei møtast frå klokka 17 til 18.30 kvar måndag i oddetalsveker. Slik har dei halde det gåande i 38 år og det starta med at Tormod Myklebust fekk igang røystene som eit kor. Men no bør ein kalla det eit barnelag som har deltaking både frå vår bygd, Herøysund og Omvikdalen..**

Vanlegvis kjem det rundt 10 unge og Jan og Linda Tvedt som bur i Herøysund er leiarar. Programmet har song, andakt og hobbyinnslag.

Eit høgdepunkt i året er opphald på Misjonssambandet sin leirstad i Sveio som plar å ha deltaking av rundt 20 frå traktene våre. Over er unge og eldre røyster samla i kjellaren på Bedehuset

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen